

Fakultet for Helse- og sosialfag - Fagleg organisering nivå 3

Innleiing

Grunnlaget i alle modellane er at ein organiserer institutta med utgangspunkt i bachelorutdanningane. Dette inneber at profesjonsperspektivet er framtrudande, og at dei tre modellane er ulike variasjonar over same grunnlag. Vidare har ein forsøkt å imøtekome fusjonsplattforma sine ambisjonar om å utvikle store og campusovergripande institutt med kraft til å kunne bere masterutdanningar. Det har også vore svært viktig å ta omsyn til at helse- og sosialfaglege utdanningar skal ivareta eit tverrfagleg perspektiv. Dette ser vi både i forslag til nye nasjonale styringssystem for helse- og sosialfaglege grunnutdanningar, og i ulike føringar for helse- og sosialtenester med til dømes krav om meir heilskaplege tenester og tverrprofesjonelt samarbeid. Dette dilemmaet mellom det profesjonsfaglege/monofaglege og tverrfaglege har vore tilbakevendande i diskusjonen kring ulike modellar. Når ein likevel landar på forslag til modellar som tek utgangspunkt i bachelorutdanningane, så har det nær samanheng med konsentrasjonen av tilsette og studentar kring utdanningane på dei ulike campus, i tillegg til det samfunnsmandatet som ligg til den breidden av utdanningstilbod som bachelorutdanningane representerer. HVL tilbyr alle kortare profesjonutdanningar innan helse- og sosialfag, og skal med det svare på behovet for tenestene ein utdannar til både lokalt, regionalt og nasjonalt. Samstundes skal vi som utdanningsinstitusjon vere i forkant av utviklinga og utvikle utdanningstilbod og forskingsbasert kunnskap som bidreg til endring og forbetring av helse- og sosialtenestene. Dagens utdanningsbilette kan vere i endring, og det kan vere ei fare for at organisering kring eksisterande utdanningar er organisering for gårdsdagen. Det er difor eit viktig premiss at strukturen legg til rette for at det både kan utviklast nye utdanningar og nye forskingsprosjekt på tvers av institutt.

Når det gjeld vidareutdanningar og masterutdanningar, så har helse- og sosialfag ved HVL allereie samla sett ei stor breidde i ulike tverrfaglege utdanningstilbod, og organiseringa må ta omsyn til at nokre utdanningar naturleg høyrer heime som ei spesialisering i eitt institutt medan andre utdanningar går på tvers av fagmiljøa i ulike institutt. Ein ser stort potensiale i instituttovergripande og campusovergripande satsingar og fleksible løysingar for dette utdanningsnivået. I tillegg er det viktig å bygge strukturar for at fag – og forskingsmiljøet kan fungere på tvers gjennom felles forskingsgrupper. Ein har gjennom arbeidet med søknad om akkredittering av ph.d.-utdanning starta prosessen med å samkøyre forskingsgrupper på tvers, og det er viktig at organiseringa av fakultetet kan legge grunnlaget for at det skal vere mogleg å utnytte kompetansen på tvers og til å drive og utvikle ei eventuell framtidig ph.d.-utdanning.

I prosessen forut for høyringsutkasta har det også vore jobba med korleis ein kan sikre leiing med tilstrekkeleg mynde i ulike organisasjonsmodellar. Det har difor særleg vore ynskjeleg å synleggjere både generelle prinsipp for leiing og leiing på fleire nivå sidan alle modellane inneber store institutt og/eller ulik storleik på institutt. Desse prinsippa er difor teke med både i utforming av og i argumentasjonen kring dei ulike modellane. Som det framgår av

modellane så er det eit prinsipp at prodekanar skal spegle prorektorane sine funksjonar knytt til utdanning, forskning og samhandling. Vidare viser modellane variasjon kring personalleiing, korvidt dette ansvaret skal fylgje utdanningslina eller om det skal knytast til ei fagleg oppgåve, til dømes gjennom å reindyrke prodekanane sine strategiske oppgåver. Eit anna viktig prinsipp er på kva organisasjonsnivå personalansvaret skal ligge. I dei tre modellane som ligg føre så er stillingar med personalansvar lagt til nivå 3 eller 4, medan det overordna personal- og økonomiansvaret ligg til instituttleiing eller assisterande instituttleiing. Slik ein ser det så skal også stillingstittel kunne seie noko om ansvaret som ligg til stillinga, og vi foreslår difor å bruke tittelen studieleiing for stillingar med personal – og økonomiansvar på nivå 3 (sjå modell 1), medan tittelen studieprogramleiing er knytt til personalansvar opp mot utdanningar og utdanningsleiing (sjå modell 2b) og 3). Forskingsgruppeleiing kan leggjast både til nivå 4 og 5, gjennom at denne funksjonen kan knytast både til studieprogramleiing og emneleiing. Dette er særleg aktuelt når det gjeld masterutdanningar, der det kan vere ein fordel å koble leiing knytt til forskning og utdanning, og i tillegg på tvers av ulike fagmiljø og institutt. Dei same prinsippa vil gjelde ph.d.-nivået, som per i dag ikkje er teikna inn i modellane.

Modell 1

Struktur og innhald

To om lag like store institutt der eitt institutt tek utgangspunkt i bachelorutdanning i sjukepleie (om lag 210 tilsette) som spenner over fire campus, og eitt institutt samlar alle dei andre helse- og sosialfaglege profesjonar ved HVL (om lag 150 tilsette); Vernepleie, Sosialfag, Barnevern, Radiografi, Fysioterapi og Ergoterapi.

Denne modellen opnar for å organisere vidareutdanningar og masterutdanningar både instituttvis på tvers av campus og fakultetsvis på tvers av dei to institutta. Dagens utdanningstilbod på dette utdanningsnivået er difor ikkje skrive inn i modellen.

Leiing

Fakultet for helse- og sosialfag spenner over fem campus og tre nærregionar. I modellen er det difor føreslege tre prodekanar om speglar prorektorar sine funksjons- og ansvarsområder. Prodekanane har eit felles ansvar inn mot dei to institutta og skal sørge for synergier på tvers både når det gjeld utdanningar, fag- og forskingsmiljø. Ein av prodekanane bør i tillegg fungere som dekan sin stedfortreder.

Med to store institutt som begge spenner over fleire campus, vil der vere behov for både instituttleiing og assisterande instituttleiing. Desse leiarane vil ha det overordna faglege og administrative ansvaret for instituttet. Dette betyr at instituttleiing-teamet har det overordna strategiske ansvaret for utdanningsporteføljen og fagmiljø på ulike utdanningsnivå og på tvers av campus og nærregionar.

Ut frå storleiken på institutta så vil det vere behov for til saman 11-12 leiarar med personalansvar og utdanningsansvar på nivå 4 (ut frå logikken at personalleiing ikkje skal spenne over fleire enn 30 personar). Desse leiarane har fått tittelen studieleiing, og vil både

vere knytta til campus og utdanningsprogram på ulike nivå. Dette betyr at studieleiar sitt ansvar tek utgangspunkt i tilsette som kan vere tilknytta ulike utdanningar og utdanningsnivå (til dømes bachelorutdanning, vidareutdanningar, masterutdanning). I tillegg til leiinga på nivå 4 så vil det vere behov for fagleg leiing/programansvar for dei ulike utdanningsnivå på nivå 5. Men personalansvar og myndighet knytt til drift av dei einskilde utdanningane ligg til nivå 4.

Argumentasjon for og imot

Hovedprinsippet i denne modellen er at organiseringa byggjer på bachelorutdanningane og at institutta skal ha om lag lik storleik.

Modellen møter fusjonsplattforma sine ambisjonar om store campusovergripande institutt som har kapasitet til å bere masterutdanningar. Store institutt, som tek utgangspunkt i profesjonsutdanningane, gjev økonomisk bærekraft på grunn av jamn kandidatproduksjon, noko som igjen gjev fleksibilitet i forhold til vidare utvikling. Store institutt kan også skape større synergjar gjennom eit sterkare fagmiljø.

Leiarar sitt funksjons- og ansvarsområde på nivå 3 og 4 vil vere nokolunde likt i dei to institutta.

Bakdelen med denne modellen er den store kontrasten mellom institutta når det gjeld fagleg portefølje. Særleg kjem dette til syne på instituttleiingsnivå der det eine instituttet representerer ei profesjonsutdanning medan det andre er samansett av fleire profesjonsutdanningar. Vidare kan det vere ein fare for at campusbasert studieleiing i sjukepleieinstituttet kan bli for konserverande med tanke på å få gevinst av fusjonen.

Det at institutt spanner over fleire campus kan føre til utfordringar på grunn av avstand og til dømes korleis dette verkar inn på muligheita til å kunne bygge ein felles kultur og beslutningslinjer som fungerer.

Det kan vere ei utfordring å namngje institutta på ein slik måte at sjukepleieinstituttet ikkje blir for monofagleg framstilt og at instituttet med øvrige helse- og sosialfag gjer den einskilde profesjon der for lite synleg. Namna på institutta kan difor ikkje ta utgangspunkt i bachelorutdanningane åleine, men synleggjere breidda i utdanningstilbod og forskning på fleire utdanningsnivå.

Modell 2 a) og b)

Struktur og innhald

Tre institutt der institutt for sjukepleie blir det same som i modell 1 medan dei to andre er institutt for sosialt arbeid og vernepleie (om lag 90 tilsette) og institutt og ergoterapi, fysioterapi og radiografi (om lag 60 tilsette).

Også i denne modellen er det lagt opp til å organisere vidareutdanningar og masterutdanningar både instituttvis på tvers av campus og fakultetsvis på tvers av dei to

institutta. Dagens utdanningstilbod på dette utdanningsnivået er difor ikkje skrive inn i modellen.

Leing

Det er vist til to forslag til leing som begge tek utgangspunkt i den same struktur og innhald. I begge forslaga er det lagt inn tre prodekanar som speglar prorektorane sine ansvarsområder for utdanning, forskning og samhandling. Prodekanane har eit felles ansvar inn mot dei tre institutta og skal sørge for synergjar på tvers både når det gjeld utdanningar, fag- og forskingsmiljø.

a) Ein legg her opp til at det skal vere instituttleiarar på kvar av dei tre institutta med eit overordna fagleg og administrativt ansvar. Vidare er forslaget her at assisterande instituttleiarar har ansvar for personal, økonomi og FoU. Dette gir eit behov for 5 assisterande instituttleiarar på det store sjukepleie-instituttet, medan institutt for barnevern, sosialt arbeid og vernepleie vil ha behov for 2 assisterande instituttleiarar og institutt for ergoterapi, fysioterapi og radiografi har behov for ein leiar på det nivået. I denne modellen kjem studieprogramansvarlege på nivå 5 og kun med ansvar for utdanningane. Vidare vil det vere behov for emneleiarar innan dei ulike utdanningsprogramma.

b) Tanken bak denne modellen er at ein gjennom vekt på leing kan imøtekomme det behovet for tverrfaglighet og kunnskapsutvikling som den profesjonsorienterte tredelte organisasjonsmodellen sannsynlegvis vil møte. Medan ein i modell 1 og modell 2a) legg opp til at personalleing fylgjer utdanningslinjene, så vil ein i denne modellen sjå det som vel så viktig å knyte personalleing til ei fagleg oppgåve. Ein måte å gjere dette på er å reindyrke prodekanane sine strategiske ansvarsoppgåver gjennom tredje og fjerde leiingsnivå. Dei tre prodekanane har ansvar for kvar sin nærregion og for henholdsvis utdanning, FoU og samhandling. Reint praktisk betyr dette at tilsette er knytt til institutt og utdanningar, medan leiaransvaret fylgjer dei tre strategiske områda slik som til dømes i denne modellen:

Utdanning	FOU	Samhandling
Bachelorprogramansvar Pedagogisk utvikling E-læring Internasjonalisering	Prosjekter Forskningsgrupper Masterprogrammer Innovasjon	Samfunnskontakt, FOU og utdanning Praksis Etter- og vidareutdanningar Tverrfaglig arbeid internt Felles læringsopplegg

Argumentasjon for og i mot

Hovedprinsippet i denne modellen er at organiseringa byggjer på bachelorutdanningane i tillegg til at profesjonane er synlege i instituttinndelinga. Denne tredelte modellen vidarefører organisasjonsmodellen ved tidlegare Høgskulen i Bergen, men med den betydelege forskjellen at institutt for sjukepleie blir både større og spreidd på fire campus. Institutt for ergoterapi, fysioterapi og radiografi blir uendra både med tanke på campus-tilhørighet og innhald, medan institutt for barnevern, sosialfag og vernepleie spenner over to campus.

Profesjonsorienteringa i denne modellen er positiv med tanke på gjenkjennbarhet for studentane og i forhold til dagens samfunnsbehov og dagens profesjonar. På same måte som for modell 1 så er der utsikter for økonomisk berekraft i dei ulike institutta.

Når det gjeld leiing så vil det i modell 2a) vere eit dilemma at ein har laga eit skilje mellom personalansvar og utdanningsansvar, og at det på den måten kan kome til konflikt ved arbeidsplanlegging og definering av behov for vidareutvikling og revidering av studier.

Modell 2 b) legg opp til ei reindyrking av prodekan-funksjonane gjennom dei ulike leiingsnivåa. Dette kan bidra til å sikre betre samordning og utvikling på tvers av institutta. Ei utfordring ligg i å finne leiarfunksjonar som fungerer på alle campus. Ei anna utfordring i denne modellen er at det kan vere forskjellen i storleik og aktivitet innan dei tre strategiske områda.

Modell 3

Struktur og innhald

Fire institutt som fylgjer same prinsipp for inndeling som i modell 2, men der institutt for sjukepleie blir delt i to ut frå tilhøyre til campus. Forslaget er at ein organiserer eitt institutt rundt aktiviteten i Førde, Stord og Haugesund, med ansvar for bachelorutdanning og tverrfaglege vidareutdanningar og masterutdanningar. Vidare er forslaget at aktiviteten i Bergen blir organisert i eitt institutt og med ansvar for bachelorutdanning og monofaglege vidareutdanningar og masterutdanningar, inkludert jordmorfag.

Leining

Leining vil her fylgje same prinsipp som i modell 2, med prodekan-funksjonar som ein lede tråd for å sikre synergjar på tvers, noko som særleg er viktig når to institutt skal drive bachelorutdanning i sjukepleie.

Argumentasjon for og i mot

Argumentasjonen vil i stor grad dreie om dei to institutta for sjukepleie, sidan dei andre to er uendra i høve modell 2. Dei to institutta kan i prinsippet utvikle ulike profilar på sine bachelorutdanningar ut frå behovet i dei regionane dei representerer. På vidareutdannings- og masternivå vil det uansett vere behov for samkøyring og samordning på tvers av campus og region. Ein vesentlig argumentasjon for denne modellen er at det er behov for å bygge felles utdanningar og fagmiljø over tid. Likevel skal ein legge opp til at tre campus skal utvikle dette fellesskapet (Førde, Stord og Haugesund) medan det fjerde campus (Bergen) skal avvente denne prosessen.

Modellen slik den er foreslått kan føre til at to av institutta ved tidlegare høgskulen i Bergen held fram aktiviteten som før fusjonen.

Høyrings spørsmål

Samtalane på høyringsmøta vil handle om desse spørsmåla:

1. Kva ser du som fordelar og ulemper med modellane som er presenterte?
2. Kva modell meiner du er den beste for fakultetet – og kva omsyn du legg vekt på som grunngeving for å meine dette (utdanning, forskning, effektivitet, etc)
3. Er det endringar som må gjerast i valt modell for å gjere den enno betre?
4. Dersom din føretrekte modell ikkje vert valt, kva modell vil du då føretrekke?

Høyringsinstansar og kontaktpersonar

Sogndal:

1. Institutt for barnevern, sosialt arbeid og vernepleie (Unni Aasen)
2. Avdelingsadministrasjonen (Anne Lone Hovland)
3. Studentråd Sogndal

Førde:

4. Institutt for sjukepleieutdanning (Dagrun Kyrkjebø)
5. Institutt for helsefag (Anne-Grethe Halding)
6. Senter for helseforskning (Marit Solheim)
7. Avdelingsadministrasjonen (Inger Margrethe Hove Aas)
8. Studentråd Førde

Bergen:

9. Avdelingsleiing (Mildrid J. Haugland)
10. Institutt for ergoterapi, fysioterapi og radiografi (Björg Hafslund)
11. Institutt for sosialfag og vernepleie (Svanaug Fjær)
12. Institutt for sykepleiefag (Britt Viola Danielsen)
13. Senter for kunnskapsbasert praksis (Marjolein Iversen)
14. Senter for omsorgsforskning, vest (Frode Fadnes Jacobsen)
15. Avdelingsadministrasjon (Trude Engebretsen)
16. Studentråd AHS (srahs@hib.no)

Stord/Haugesund:

17. Sjukepleiarutdanning Stord (Leif-Steinar Alvsvåg)
18. Sjukepleiarutdanning Haugesund (Kristin Ådnøy Eriksen)

19. Master og etter- og videreutdanning (Tone Kringeland)
20. Administrative støttefunksjonar (Trine Meling Stokland)
21. Arbeidsutval Studentting nærregion Stord/Hgsd (Kristine Elsa Krokli)

Fagforeningene på HVL (virksomhetsnivå):

22. NSF (Reidun Stavland)
23. Akademikerne (Pål-Albert Olsen)
24. Parat (May Britt Sandstå)
25. NTL (Tone Skjerdal)
26. Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)
27. Utdanningsforbundet (Torunn Herfindal)

Andre:

28. Prorektor (Rasmus Stokke, Bjørg Kristin Selvik, Liv Reidun Grimstvedt og Gro Anita F. Flaten)